

**NVE**

**Konsesjonsavdelinga**

**Att. Steinar Pettersen**

**Kommentarar til høyringsvar konsesjonssøknad.**

**Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:**

Det kom ikkje som noko stor overrasking at Fm frå-rår konsesjon. Fm utøver i eit elles velutvikla demokrati, eineveldig makt der svært mange utviklings prosjekt i våre bygder vert stansa. Men skal gje Fm rett i at ei slukeevne opp mot 49 % av middelvassføring er høgt . Samanlikna med liknande prosjekt synest det å ligge ei feilrekning bak dette talet. Men underteikna har ikkje fagkunnskap til å overprøve Norconsult sine tal. Vidare peikar Fm på at tilløpsrøret i større grad bør følge gangvegen og rett fram mot kraftstasjon. Dette er fullt mogleg å få til.

**Frå Sogn og Fjordane Turlag v/Alver Melvær.**

Det var mykje «eter og galle» i brevet frå Melvær. Han meiner utbygginga vil redusere opplevingane til dei mange turistane som kjem til Oldedalen kvart år. Denne påstanden er eg svært ueinig i. Inngrepa i landskapet vil vere lækte etter kort tid. Og endringane ved inntak og utløp vil få eit preg som heller gjev området eit løft. Vidare vert kraftanlegget opna for publikum og inngå i nettet av opplevingsvegane som alt finns i området. At kraftverket skal redusere opplevinga for dei som går til Kattanakken og Oldeskaret, kan vel i beste fall kallast nonsens. Som grunneigar av stien til Oldeskaret har eg brukt mykje tid og resursar på sikring og utbetring av denne. Turlaget har ikkje lyft ein finger! Vil og nemne at turgåarar må nytte kikkert om dei skal sjå utbyggingsområdet frå stien opp til Kattanakken.

Helsing

Melkevoll Elvekraft

Inge Melkevoll